

KYRKJEBLAD

For KVITeseid SOKN (Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen)



*Les og om: Reisebrev, reisen til mitt barndomsrike, s.4-7
 Minnelund i Kviteseid, s.10-11*



Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITeseID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
kyrkja.no/kviteseid



Kyrkjevevjerje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 970 47 860
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggveit
Mobil tlf: 911 83 750



Sokneprest
Sigrun Lønning
Solvang
Mobil tlf: 924 18 778
prest@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 911 20 248



Organist
Olav Holm
Mobil: 934 01 156
[organist@
kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 970 78 771



**Trusopplærar og
kyrkjelydssekretær**
Vi har ledig 50 % fast
stilling. Ta kontakt om
dette passar deg eller
andre du kjenner.



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 911 13 580
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Kristen Salmelid
Framsidediletet: Kviteseid kyrkje på
allehelgensdag 3. nov. 2024
Foto: Randi Klovning Hauglid
Uforming og trykk: ETN Grafisk

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

Den store håpsforteljinga

«Det hende i dei dagar,» slik byrjar juleevangeliet. Noko stort hende i vår historie som fekk konsekvensar for heile verda. Då Jesus vart fødd, vart Gud eit menneske. Forteljinga om Josef, Maria og det vesle Jesusbarnet er noko av det vakraste som nokon gong er blitt skrive. Jula viser at vi betyr noko for Gud. Vi er ikkje gløymde, men elska av Gud.

Dei gamle grekarane snakka om krafta bakfrå. Med det meinte dei at dei gode hendingane i fortida gir oss kraft til å leve i dag. Vissheita om ikkje å vere gløymd, men elska av vår skapar, har bore menneske i både gode og tunge tider. Underet på Betlehemsmarkene har gitt kraft til menneske i 2000 år.

Men grekarane snakka ikkje berre om krafta bakfrå, men også om krafta forfrå. Med forfrå tenkte dei på kva som ein gong skal skje. Kva vi trur om framtida påverkar livet vårt her og no.

Juleevangeliet handlar ikkje berre om kva som ein gong hende i vår historie. Det inngår i den store forteljinga om kva som ein gong skal skje med oss og vår verd. «I dag er det fødd dykk ein Frelsar, han er Den salva, Herren», song englane. Mot slutten av sitt liv på jorda hende det noko dramatisk i Jesu liv. Ikkje berre vart Gud menneske, han gav også sitt liv på ein kross. Lovsongen og gleda frå Betlehemsmarkene vart bytt med klage, sorg

og død. Det er for å gi mitt liv for dykk, eg er komen, sa Jesus.

Men heller ikkje Jesu død er siste ordet i kva som skal skje med oss og denne verda. Jesu oppstode frå dei døde endra vår framtid. Disippelen Peter skriv til venene sine for å oppmuntre dei: «*Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. (1. Pet 1,3)*»

Desse orda blir lesne ved kvar dåp i kyrkja og når vi tek farvel med eit kjært menneske. Han som vart fødd som eit lite forsvarsløst barn, viste seg å vere sterkare enn dødens og mørkets makt. Gud skal ein gong skape ei ny verd der det er slutt på all vondskap og liding. Vi vedkjenner at vi trur på «lekamens oppstode og det evige liv». Det er ikkje døden og mørket som sigrar til sist.

Vi lever i mørkare tider enn på lang tid. Svein Ellingsen skildrar oppstoda som «lyset frå Guds framtid». Med lyset frå Betlehemsmarka og lyset frå Guds framtid får vi hjelp til å leve her og no. Også når livet er krevjande. For det er berre med krafta bakfrå og forfrå at livet kan levast i notida.

Velsigna advents- og juletid!
Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark

Reisebrev, reisen til mitt barndomsrike..

Av Håkon Birkeland



Jeg var så heldig å få oppleve enda en reise til Etiopia nylig, og som misjonærbarn født og oppvokst i landet ble det en spesiell opplevelse. Ikke minst fordi en helt ny mulighet skulle dukke opp.

Jeg hadde lenge hatt ønske om en ny tur ut til Etiopia, kanskje den siste, og nå i høst kom muligheten. Min nevø Hans Ovar Birkeland (HO) er i Addis Abeba som stedlig representant for NLM (Norsk luthersk misjonssamband), så jeg tok kontakt og spurte hvordan det passet med besøk. Jeg hadde sett for meg en ukens tid i Addis. Da forteller HO at han har planlagt en reise til Gidole der det skal være en stor markering der oversetting av Det Nye Testamentet til stammespråket i Gidole (Dhirayat) skulle lanseres, en oversettelse det har vært arbeidet med i godt over 20 år. Gidole er

en by 50 mil sørover i landet, stedet der jeg er født. Og dit kunne jeg få være med hvis jeg ville.

Hva var sjansen for en slik mulighet? Norske myndigheter fraråder reiser ut av Addis, og vanlig reiseforsikring dekker derfor ikke slike reiser. Hans Ovar er godt kjent i området, og hans vurdering var allikevel at det var trygt å reise når en tok noen forholdsregler, bl.a bare reise i dagslys. (Målfrid satte allikevel betingelse at jeg ordnet skikkelig reiseforsikring. Hun så nok for seg store beløp for å få meg ut av

en vanskelig situasjon. Det løste seg med et forsikringselskap som ga "krigs og terror forsikring" for de dagene vi var på reise ut av Addis.) I ettertid fikk jeg jo høre at de fleste brukte fly på strekningen nettopp for å slippe utfordringer og risiko ved å kjøre bil. Men Hans Ovar trives med å kjøre bil i bushen, snakker amharisk (det ledende språket) rimelig godt, og i tillegg var den etiopiske lederen for det lokale arbeidet, Ato Keta med. «Opprørsgruppene kidnapper helst bare innfødte», sa han.

Vi forlot hovedstaden Addis Abeba kl. 06 om morgenen. Addis ligger 2350 m.o.h., så det er kjølig så tidlig på morgenen selv om det går mot varmere årstid. De mange lukter, lyder og bybilder driver mot oss på veg ut av byen. Det er allerede stor aktivitet. Byen er veldig forandret det siste 10-året. Nå er det brede avenyer med beplantet midtrabatt, høye skylights, flotte forretningsbygg, fontener og parkanlegg. Men det er bare en del av bilde. Kontrastene er store mot gatene med blikkskur ut mot gaten, dårlig vedlikeholdt bygninger, gateselgere sittende på fortau med stabler av papaya, avocado, bananer og appelsiner, skopussere, kaffetilberedning på glør i leirkrukker, små grupper sittende å prate.



Dagen er begynt for mange. Og langs disse veiene arbeider gravemaskiner med brutal aktivitet for å fjerne alt av bygg inntil 10 meter fra hovedveiene. Hus, skur og småbutikker blir jevnet med jorden. Politikken er at alle hovedveier skal utvides med brede gangfelt og sykkelfelt. Det så vi overalt i byen. Mange mister både hjem og levebrød i denne prosessen. NLM er heller ikke spart og har mistet et hus som lå for nær vegen. Det spesielle er at det finnes omtrent ikke syklende her. Hvem skal bruke sykkelfeltet? Myndighetene har også innført importstopp av fossibiler. Alle nye biler skal være elektriske. Jeg hørte at det bare var en ladestasjon i denne byen med nesten 6 mill. innbyggere. Hvordan skal et dårlig strømnett dekke hjemme-ladere? Addis Abeba er hovedsete for African Union, og det er mulig de har press på seg for å fremstå som et eksempel for resten av Afrika.

Vi hadde 10-11 timer å kjøre til Arba Minch og skulle rekke fram før mørket kom. (I Etiopia opererer de med andre klokkeslett; sola står opp 06, derfor er det kl. 00.00, og så regnes klokka etter det. Det er som på bibelsk tid. Litt forvirrende når min klokke er 16.00 så er deres 10.00). Turen går fint med et par stopp underveis.





Første stopp var en enkel frokost med eggerrøre, injera og en kaffekopp. Etiopia er kaffens hjemland, det er bare å nyte; kaffe fra nybrente bønner, malt og tilberedt i leirkanne over glør, servert sammen med duften av røkelse.. Etiopisk kaffeseremoni er en høytidelig og svært tradisjonell affære.

Det er veldig skiftende veidekke, og vi passerer gjennom mange småbyer fulle av mennesker, eselkjerrer, biler og en enorm mengde tuc-tuc drosjer. Hans Ovar bruker flittig tuta, folk og dyr har ikke hast med å flytte på seg.

Vi overnatter på et enkelt pensjonat i Arba Minch. (Navnet betyr 40 kilder. AM ligger 12-1300 m.o.h., så her er det varmere.) Misjonen bruker ikke unødig penger på luksus. Kl. 02 våkner jeg av bønnerop fra moskeen, ikke lenge etter overtar hundene, og litt seinere haner som galer. Det er nesten godt å stå opp kl. 06. I dag skal vi delta på en 125 årsfeiring med motto 'Bible For All'. Det er 125 år siden bibelen ble tilgjengelig på annet språk enn Geez, et språk som bare var tilgjengelig for de ortodokse prestene. Feiringen starter med et gateløp kl 06. Kledd i t-skjorter med budskapet 'Bible For All' løper ungdommer gjennom byen. Seinere er det premiering, apeller og gudstjeneste. Hans Ovar er på jobbturné, og har

møter med lokale ledere i samarbeidskirken Mekane Yesus.

Søndag morgen er vi på nytt i bilen kl.06. Nå skal vi til det endelige målet for turen, Gidole, og der har vi fått vite at festgudstjenesten begynner kl 08. Veien her er ikke så ille i begynnelsen, men nærmere Gidole blir den dårligere og dårligere. Gidole ligger på omtrent samme høyde som Addis, og veien oppover bakkene mot byen er delvis ødelagt av regn og erosjon. Jeg besøkte Gidole sist i 2009, og her er det lite eller ingen forandring hverken på vegstandard eller bebyggelse. Det er enkle hus dekket med bølgeblikktag, og stort sett jordveier. Øverst opp kommer vi til misjonsstasjonen, som nå er kirkesenter. Den ligger høyt og fritt. Porten er pyntet med ballonger og plakater og kirkegjengere er på veg opp til kirka. Vi kjører inn porten og finner huset der jeg er født og hadde mine første skritt. Huset har jordvegger dekket med bambusmatter utvendig. Det ble bygget av min far for 75 år siden, og utrolig nok er det i bruk enda. I dag fungerer det som kontor for bibeloversettelsesarbeidet. Det føles rart å gå gjennom rommene. Mor og far var blant de første misjonærene her i 1949, og bidro til bygging av både kirke, skole, klinikk og boliger. I dag, 75 år etter, skal endelig gidolefolket få mulighet til å lese bibelen på sitt



eget språk! Foreløpig er det bare Det Nye Testamentet som er ferdig.

Gudstjenesten som vi trodde skulle i gang kl. 08 starter ikke før nærmere 10. Da har kirka vært full en god stund. Det er virkelig en høytidelig og stor fest, ledet av synodepresidenten i Mekane Yesus-kirken. Tradisjonell sang fra et vuggende kirkekor akkompagnert av den særegne “il-il-ropene” fra menigheten. (Hurtig gjentagende il-il-il, er som et gledesuttrykk i alle sammenhenger). Det nye nytestamentet deles ut til en gruppe unge og gamle som skal symbolisere at bibelen er for alle. Og så var det takk og hilsen fra mange av de som har arbeidet med oversettelsen. Det

har vært både finske, amerikanske, tyske, norske og etiopiske personer som i felles arbeid gjennom Wycliffe har vært med på arbeidet. Et utrolig tålmodighetsarbeid gjøres med oversettingsarbeidet. Ofte må et nytt skriftspråk først lages, ord for ord.

Det ble en spesiell opplevelse å få være med på, og jeg gikk takknemlig til festmåltidet som ble servert i den tidligere legeboligen på ‘misjonsstasjonen’: tibbs og injera (biter av geitekjøtt i feit krydret saus som spises med injeralefsene). Siden vi spiser med hendene og flere spiser av samme fat, går de rundt med en kanne vann og heller over hendene til vask før måltidet.

Navnet til min far var fremdeles kjent her, og flere kom bort for å bli med på bilde. Det gjør inntrykk å se hvordan kirken har vokst her.

På ettermiddagen går turen tilbake til Arba Minch og neste morgen var vi igjen i bilen for retur til Addis.

Tilbake i Addis hadde jeg fremdeles flere dager til å vandre på kjente og ukjente plasser i byen. Selve misjonstomta som vi bor på, inneholdt jo også i mange år den norske skolen og skoleheimen, min i flere år, -år hvor “tanter” og lærere skulle forsøke å erstatte mor og far i de lange skoleperiodene. Det var selvfølgelig ikke en erstatning. Men til tross for de negative opplevelsene ved fravær av foreldre store deler av året, er det allikevel mye som trekker meg tilbake til dette landet.

Tilbake i Norge kjenner jeg på takknemlighet for muligheten jeg fikk til enda en gang å oppleve barndomslandet Etiopia.

Gunhild på veg til Manilla

Tekst: Astrid Tveten

Mange av dei som les Kyrkjebladet veit at Gunhild Dobbe, med ujamne mellomrom, pendlar mellom Kviteseid og Filipinane. Når dette bladet kjem ut, er ho truleg komen på plass igjen for vinteren, i «Mama Childrens`Center of Norway», fire mil sør for Manilla.



Mange kjenner til dette arbeidet, men truleg kan det likevel vere greitt å ta ei kort reprise av det som starta i det små, med ein person frå Telemark.

Rachel Trovi frå Langesund, sjukepleiar 57 år gamal såg tilfeldig ein video frå Søppelfjellet i Manilla. Ho fekk ein visjon om å reise dit og gjere ein innsats for dei som levde i slummen der.

Etter å vore ute, med bandasjer, medisiner og ymse ytstyr, såg ho verkeleg trongen for hjelp og bistand. Heime igjen, fortalde ho om opplevingane sine. Dette gjorde inntrykk, folk ville støtte arbeidet med penge-gåver. Etterkvart vart det danna ei stifting, fleire hus vart bygde og folk frå nærmiljøet

vart tilsette og fekk opplæring. Dette var for ca.30 år sidan.

Arbeidet har vokse, er no stort og variert. På sjukeheimen bur ca 20 eldre, utan nære pårørende. Barneheimen med tre avdelingar for småbarn, gutar og jenter opp til 18 år, ligg vegg i vegg.

Det er bygd et hus for ungdomar over 18, som treng meir oppfølging etter barneheimen.

I førskulen er det plass til 40 ungar. Underhold sørger for at ca 100 ungar får dekt alle kostnader til grunnskulen og ca 40 får vidareutdanning opp til høgskulenivå. Fleire av desse er komne attende som til-

sette, eller gode hjelparar! I 2013 vart sjukehuset, «Mama Rachel`sHospital of Mercy» innvia. Her kan fatige få hjelp utan å betale. Det var Rachel Trovis plan og ynskje.

Ca 100 ungar i to slumområde i nærleiken får oppfylgjing og næringsrik mat ein gong i veka.

Det vert også organisera mobil poliklinikk, med helsehjelp, utdeling av mat, klede og medisinar.

To fengsel får besøk ein gong i veka. Då er

det andakt og utdeling av hygieneartiklar. Fangane får årleg helsesjekk og tannbehandling.

Det nyaste prosjektet er fiskeoppdrett og dyrking av ris og grønnsaker på eige areal.

Gunhild kjem attende i mars. Då vert det jolefeiring for femte gong i Manilla. Ho seier at ho gler seg stort til å kome ut, til jolefeiringa og til å treffe kjende og kjære!

Vi ynskjer eit rikt og velsigna opphald.



Minnelund i Kviteseid

Tekst og foto: Kristen Salmelid, Kyrkjevevja

Soknerådet er i ferd med å etablere ei namna minnelund for urner på kyrkjegarden ved Kviteseid kyrkje. På minnesteinen blir det plass til 80 minneplater med tilhøyrande urnegraver i nærleiken. Minnelunden blir ferdig til våren.



Kva er ei minnelund?

Det er eit område på gravplassen der det ikkje er private gravsteinar, men eit felles, ofte større gravminne. Der blir det plantefelt, plass til å setje ned blomar og lys, og benk til å kvile seg på. I Kviteseid blir den namna minnelunden berre for urner. Til kvar av dei 80 urnegravene blir det plass til eit minnesmerke på monumentet, 40 på kvar av dei to store flatene. På eit skilt med storleik rundt 10 x 15 cm skal namn på den døde graverast inn, saman med dato for fødsel og død. Det er òg mogleg å ha med eit kort minneord eller symbol på minneplata. Her i Kviteseid etablerer vi altså ikkje ei anonym minnelund, men ei namna minnelund.

Kvifor berre for urner?

Hensikten med minnelund er todela.

1. Folk spør stadig oftare etter denne moglegheita. Dette gjev pårørande høve til å ha eit minnesmerke over den døde, utan å måtte tenke på gravstein, planting og stell i mange år. Her blir det òg plass til ljøs og avskorne blomar.
2. Vidare er bruk av urnegraver mykje meir arealsparande enn kistegraver. Det er plass til 8 urner for kvar kistegrav. Desse 80 urnegravene kan då føre til at kommunen kan vente mange fleire år med opparbeiding av ny gravplass, enn dei elles måtte.

Kor mange vel kremasjon?

I bystrok er det mykje meir vanleg med kremasjon enn her i Kviteseid og Vest-Telemark. I byrjinga av 2000-talet vart om lag 30 % av dei døde kremert på landsplan. No er talet passert 50 %. Mens det i tettbygde stork er 80-90 % kremasjon, har det i Kviteseid dei siste åra vore 10-15 % av gravleggingane, det vil seia 3-4 urner kvart år. Unntaket var i 2021 då det blei 30 % med heile 8 av 27 gravleggingar. Nokre av dei som vel bisetting, kremasjon og urne, er frå Kviteseid, men har gjerne vore busett i andre kommunar dei siste åra av sitt liv.

Til i dag har dei fleste vald at urna skal setjast ned på ein allereie eksisterande familiegrav, eller ei ny grav. Det er framleis fullt mogleg.

Kva kostar dette?

Enkeltpersonar og etterlatne slepp med dette kostnaden med å kjøpe ei vanleg gravstein, noko som fort kan kosta frå 15-30.000 kroner. Dei slepp òg å tenkje på planting og stell i mange år framover.

Kommunen vedtok i november etter forslag frå soknerådet ein eingongs avgift på kr 5000 for etablering og vedlikehald i fredingstida som er 20 år. I tillegg kjem kostnaden med skiltet og inngraving på rundt kr 2000. Etter dei 20 fyrste åra går det ann å fornye feste for 5 år om gongen for kr 250 pr år. Kyrkjekontoret gjer avtale med firma om kjøp av like skilt for alle, og inngraving. Statsforvaltaren skriv at namneplatene skal vere i kopar eller børsta stål på ca. 15 x 10 cm. Skrifta skal være tydeleg og lett å lese for alle.

Går det ann å reservere plass til urne og skilt?

Ja. Som med kistegraver er det høve til å reservere inntil to urnegraver med tilhøyrande plass til skilt. Reservasjon må skje i samband med eit dødsfall. Feste er kr 250 pr år pr grav/skilt-plass og må betalast ved reservasjon, for 5 år om gangen. Når reservert urnegrav blir tatt i bruk, må det betalast for heile fredingstida, og for kjøp av skilt

Må alle ha bisetting i kyrkja?

Nei, det er ikkje noko krav.

Gravferd eller bisetting i kyrkja er ein fin, høgtidsam og verdig måte å ta farvel med dei døde på. Som kyrkje oppmodar vi sjølv sagt til det.

Men som gravplassforvaltning på vegne av kommunen er det viktig å presisera at det er mange moglege variantar av gravlegging med eller utan seremoni. Det er høve til å ha ei ikkje-kyrkjeleg gravferd frå eit livs-synsnøytralt lokale, eller å gravleggje utan nokon form for seremoni. Den døde kan òg bli sendt rett til kremasjon, og familie og pårørande kan etter det sjølv velje om dei vil ha med prest eller ikkje ved gravlegging av urna. Er du i villreie, er det mogleg å få gode svar frå både frå kyrkjekontoret og frå gravferdsbyrå.

Føresegn om namna minnelund står i forskrift til Gravplassloven § 15a. Det er Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark som etter søknad frå soknerådet, har godkjent at det no kan etablerast ei minnelund i Kviteseid. Dei skal òg gje ei endeleg godkjenning av kyrkjegardsvedtektene som soknerådet vedtok i november 2024.

Du veit om ein stad

Du veit om ein stad
der eit gutenamn stend
skori inn i eit tre.

Du veit om eit hjarte
som krinsar det inn
og såleis sin kjærleik til det.

Du veit om den stad
der det stend to namn
eit gutenamn fyrst og så ditt.

Du veit om ein stad
der det bare stend eitt
namn hoggen inn i granitt.

Du veit om ein stad
der ditt eige namn
ein gong skal hoggast inn.

Du veit om ein stad
der dei begge namn
vil stå saman i ver og vind.

*Jon Ingebretsen
frå boka «Naturen og eg»*



Digitale gravkart

I samband med etablering av den nye minnelunden i Kviteseid blir det laga digitale gravkart over dei mest bruka kyrkjegardane: i Kviteseid, Brunkeberg og Vrådalen. For Kviteseid er det eit pålegg frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark fordi etableringa av minnelunden er «vesentleg endring eller nyetablering». Kyrkjekontoret sluttar difor etter kvart med dei gamle gravkarta på papir. Publikum vil ein gong i framtida kunne gjere søk på desse karta frå ei eiga nettside. Så snart vi kan, vil forvaltninga setje opp skilt med kart over gravplassane, i fyrste omgang på dei tre nemnte plassane, i Kviteseid, Brunkeberg og Vrådalen.



Dronefoto av Vrådalen kyrkjegard og utsnitt av kartet.

Benkene på kyrkjegardane skal fornyast

Gi di g ve til innkj p av to benkar til kyrkjegarden i Kviteseid.

Den nye minnelunden i Kviteseid f r i tillegg to slike benkar, men dei er finansiert av prosjektmidlar. Brunkeberg fekk to nye benkar i 2023, der ein av dei var g ve fr  Morgedal Bygdekvinnelag.

Har du ei verksemd eller foreining som ynskjer   gje ein heil benk, s  kostar dei rundt 10.000 kr per benk. Slik sponing kan du gjerne  yremerke til den kyrkjegarden du helst vil. Vil du ha faktura tilsendt til verksemda eller laget ditt, s  ordnar vi det.



Send kr 200,- eller valfritt bel p til

- bankkonto 2660.45.14648, eller til
- Vipps nr 3850 (bruk kategori 5 eller 10).
- Merk innbetalinga med **BENK**.

Hjarteleg takk for di g ve.
Sokner det og kyrkjestaben ynskjer alle v re lesarar ei **VELSIGNA GOD JOL!**

Kvittering

Innbetalt til konto

2660.45.14648

Bel p

Betalerens kontonummer

Betalingsinformasjon

GIRO

Underskrift ved girering



Betalt av



Betalt til



Kviteseid sokn
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Kroner

 re

Til konto

<

>

2660.45.14648

40 år med felles diakon

Sidan 1985 har prostidiakonen i Vest-Telemark eksistert som eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal.



Biletet er frå Pers vigsling, fv. Odd Roar Bøe, Oddvar Ripegut, Halvor Bergan, Per Emanuelsen, Bernt Olav Karlsen og Gotfred Rekkebo. (18.01.1985 i Nissedal kyrkje)

Neste år har Prostidiakon-modellen 40 års jubileum! Det vert markert i Vinje fyrste sundagen etter påske, 27. april 2025.

Per Emanuelsen, den aller fyrste prostidiakonen, kjem. Etter åra i Vest- Telemark heldt han fram og starta opp i liknande stillingar i Otredalen og Aust-Nedenes prosti.

Eilev Eriksstein starta som prostidiakon her 1. januar 1991 og har såleis i januar 2025 vore her i 34 år. Det er òg verdt å markere og ikkje minst vere takksame for!



Eilev Erikstein Foto: Styrk Fjærtøft

Nye misjonsprosjekt

Soknerådet har vald nye misjonsprosjekt frå Stefanusalliansen sitt arbeid i Egypt, for åra 2025-2028.



Stefanusalliansen samarbeidar med Biskop Thomas som starta Anafora og utdanningscenteret Anastasia

Stefanusbarna er eit prosjekt for å hjelpe tusenvis av fattige born som lever i Kairos «søppelby». Det lever av å resirkulere dei rikes søppel. Både borna og familiare deira får tilbod om eit betre liv på alle livets områder. Dei får høyre og erfare at dei er elska.

Anastasia/Anafora er bygd opp av Biskop Thomas og ligg ute i ørkenen mellom Kairo

og Alexandria. Det er eit 'kraftsentrum' for den koptiske minoriteten i landet der ungdom får yrkesretta trening og grunnleggjande hjelp til å klara seg i samfunnet. Mange av kursa er retta mot kvinner.

Les gjerne meir om Stefanusalliansen og Samarbeid Menighet og Misjon på stefanusalliansen.no

Misjonshuset i Kviteseid

Der er det **familiemøter dei fleste sundagar, kl. 11 eller 16.30, og kveldsmøter tysdagar kl. 19.30.** Sjå etter annonser i VTB, på Facebook eller Instagram (Misjonshuset Kviteseid), eller på nettsida misjonshuset.no. Her finn du informasjon for barn og unge, kalender med alle møtepunkta, og om utleige. Misjonshuset eignar seg godt til familiefestar, minne-samvær og anna. Programmet for våren 2025 er ikkje klart i skrivande stund.

VB

Kviteseid Rørhandel



Barnas



Fargelegg!


Teikning:
Chiara Bertelli



Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00





Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna

Vits



Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



Søndagsskolen - mer enn du tror

LIVETS GANG sidan sist kyrkjeblad

Døypte

Vrådal

Oline Jakobsen Strand

Camilla Solid Sanden

Døde

Kviteseid

Tore Sudbø

Signe Ann Vesterdal

Nils Etterstad

Arvid Ivan Seierdalen

Gunnar Breidalen

Odd Werner Nord

Bjarne Gotuholt

Brunkeberg

Anlaug Råmunddal

Vrådal

Birger Skipar

Henny Bergliot Myrland

Knut Lehn

Vest-Telemark

GRAVFERDSBYRÅ

Tidlegare Tokke begravelsesbyrå
og Seljord gravferdsbyrå

DØGNVAKT
928 13 634

Gravferdstenester. Gravstein.
Omsliping, påskrift, vask og oppussing
av eldre gravstein.

www.vtgravferd.no

Konfirmantane

Tekst og foto: Sigrun Lønning Solvang

Soknerådet er i ferd med å etablere ei namna minnelund for urner på kyrkjegarden ved Kvitseid kyrkje. På minnesteinen blir det plass til 80 minneplater med tilhøyrande urnegraver i nærleiken.



Ljostenning i globen ved konfirmantane Håvard Brekka og Andreas Breidalen Skjæveland.

Årets konfirmantkull møtast med jamne mellomrom til samling i kyrkjestøgo i Kviteseid.

Samlingane startar opp med at nokon frå diakoniutvalet serverer suppe og rundstykker. Det er både hyggeleg og mettande når konfirmantane kjem rett frå skulen.

Deretter held me fram med eit fast program med mellom anna undervisning, leik/konkuranse og bibelbruk. Samlingane

vert alltid avslutta inne i kyrkjerommet med salmesong, tekstlesing, ljostenning i globen og velsigninga.

Konfirmantane har i haust vore på overnattingstur på Fjellvang (Lønnegraff) i Vrådalen saman med konfirmantane frå Fyresdal. Tilbakemeldingane var gode, og dei likte godt å bli kjent med andre konfirmantar på tvers av kommunegrensene. Helga vart avslutta med stort Konf. Kick-off i på Dyrskuplassen i Seljord. Kick-off vert kvart år arrangert av Ønsket&Elsket, og er ein del av felles konfirmantararbeid i Øvre-Telemark prosti som Kviteseid sokn er ein del av.

Konfirmantane er ein fin og positiv gjeng å vere saman, seier den nye soknepresten. Ho har med seg organist Olav Holm på konfirmanttimane i Kviteseid.

I dei ulike kyrkjene i kommunen kan de møte konfirmantar som deltek med ministrantoppgåver i gudstenestene på søndagar.

Konfirmasjonane til våren blir slik:

- Samtalegudsteneste 11. mai kl. 15.00 i Brunkeberg
- Konfirmasjon 31. mai i Brunkeberg kl. 11.00 og i Vrådalen kl. 13.30
- Konfirmasjon i Kviteseid 8. juni kl. 11.00

KONSERTAR

Denne jola har me mykje musikalsk å glede oss til i Kviteseid sokn!

Onsdag 11. desember kl. 19 får me i Kviteseid kyrkje høyre resultatet av eit spennande samarbeid mellom No boots, damekoret Fjellrøyst frå Vinje og Robertas Lamsodis. Konserten «mot jol» inneheld eit breitt jolerepertoar som venteleg fell dei fleste i smak.

Tradisjonen tro inviterer me til stor **adventskonsert** sundagen etter, der alle bygda sine kor saman med hornmusikken skapar god førjolsstemning. Datoen er **sundag 15. desember**, klokkeslettet er 17 og staden er Kviteseid kyrkje. Det blir sjølv sagt og høve til å syngje med, og Rolf Inge Johansen held andakt.

Onsdag 18. desember kan me ynskje velkommen til konsert med ein heilt ny kvintett med Symre (Taugbøl Bang) frå Morgedal i spissen på vokal og gitar. Dei andre er Jon Espelid (Treungen) - trommesett, perkusjon, Tov Espelid (Treungen) - gitar, song, Torjus Gravir Klykken (Skien) - bass, song, Audun Rørmark (Bø) - fiolin, hardingfele, song.

Dei reklamerer med ein konsert som inneheld jazza versjon av joleviser som «på låven sitter nissen» og «romjulsdrøm», salmar som «folkefrelsar» og «mitt hjerte alltid vanker» samt nyare komposisjonar som Dum dum boys sin «stjernesludd» og Symres eigen komposisjon «det er mange som hatar jol». Me tør å love musikalsk kvalitet og bredde, og garantert stemning i Brunkeberg kyrkje!

FØREMIDDAGSTREFF

kl.11.00

Onsdagane 22.1., 26.2. og 26.3.
Misjonshuset, Kviteseid

BABYSANG

Nesten kvar torsdag frå 11-13
på Misjonshuset

SPRÅKKAFE

Ca. ei onsdag i månaden.

Sjå annonse på Facebook

Øvre Telemark Begravelsesbyrå

Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS

Alt innen gravferd.
Oppsett og oppussing av gravstein.
Stell av gravminne.

telemarkbegravelse.no

tlf. 466 90 000 | post@telemarkbegravelse.no
Mosasida 215, 3840 Seljord

Trygt, omsorgsfullt og verdig

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR!

RETURADRESSE: KYRKJEKONTORET - KVITSEIDGATA 13, 3850 KVITSEID

KALENDAREN, GUDSTENESTER OG ANNA

DESEMBER 2024

Tysd. 10.12. Skulegudsteneste

Kviteseid kl. 08.45 Kviteseid skule, men open for alle!

Onsd. 11.12. Konsert

Kviteseid kl. 19.00 No boots, Fjellrøyst og Robertas Lamsodis.

Sun. 15.12. Adventskonsert

Kviteseid kl. 7.00. Song og musikk ved kor i bygda og hornmusikken.

Onsd. 18.12. Konsert

Brunkeberg kl. 19.00 Symre Taughøl Bang med vener

Torsd. 19.12. Skulegudsteneste

Kviteseid kl. 13.00 Kvitsund gymnas, men open for alle!

Sun. 22.12. 4.sundag i adventstida

Kilen kapell kl.16.00. Gudsteneste med annleis jolebord.

Tysd. 24.12 Joleftan Gudstenester

Fjågesund kl. 12.45, **Vrådal** kl.14.30

Brunkeberg kl. 15.00, **Kviteseid** kl.16.15

Onsd. 25.12 Joledag Gudstenester

Kviteseid kl. 11.00.

Vrådal kl. 13.30

Tysd. 31.12 Nyttårseftan

Kviteseid kl. 23.15

JANUAR 2025

Sun. 05.01. Kristi openberringsdag

Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.

Sun. 12.1. 2.sundag i openberringstida

Brunkeberg kl. 11.00. Gudsteneste. Diakonisundag

Sun. 19.1. FELLES FAMILIEMØTE

Misjonshuset, Kviteseid kl. 16.00

FEBRUAR 2025

Sun. 2.2. 5.sundag i openberringstida

Vrådal kl. 11.00. Gudsteneste.

Sun. 9.2. 6.sundag i openberringstida

Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.

Sun. 23.2. Kristi forklaringsdag

Brunkeberg kl. 11.00. Gudsteneste.

MARS 2025

Sun. 2.3. Fastelavnsundag

Kviteseid kl. 11.00 VISITASGUDSTENESTE

Fest på Misjonshuset etter messa.

Fred. 7. – sund. 9. FELLESMØTER

Kviteseid Fred.+lørd. Kl 17.00, sund. kl. 11.00

v/ «Reality-presten» Thor Haavik

Sund. 23.3. Maria bodskapsdag

Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.

Sund. 30.3. 3.sundag i fastetida

Vrådal kl. 1.00. Gudsteneste.

APRIL 2025

Sund. 6.4. 4.sundag i fastetida

Kviteseid kl. 11.00. Solidaritets-gudsteneste og

Fasteaksjon.